



■ møtereferat – samarbeids- og arbeidsmiljøutvalet for tannhelsetenesta

25116/2013

Tema:	Stad og tid:
Møtereferat SAMU-T 26.4.2013	Fylkeshuset, møterom 102

Til stades: Medlemmer		Varamedlemmer	
Hege Myklebust Vartdal	X	Folkert Seetzen	
Sølvi Hanssen	X	Marianne S. Rudi	
Laila Aas Dyrøy		Grete Gussiås	
Anthony N. Valen	X	Morten Larsen	
Gunnar Eikrem	X	Bjørn Eggen	
Tone Nord	X	Birgitte Moe	

Andre:
Venke Dahle, Stamina HOT
Tove Istad, NAV Arbeidslivssenter
Synnøve Hungnes, Kretoret

Referent:	Neste møte:
Morten Larsen, 71 25 87 74	10.9.2013

Det var ingen merknader til møteinnkallinga.

Saksliste

6/2013	<p>Årsrapport 2012 – Den offentlege tannhelsetenesta i Møre og Romsdal Årsrapporten har ein gjennomgang av tannhelsearbeidet, organisasjonen og strategiarbeidet. Nytt i årsrapporten for 2012 er at det er innhenta tal på tannhelse til 3-åringane i tillegg til indikatorårskulla. Dessutan er det tatt inn talmateriale som synleggjer tannhelsestilstanden i kvar kommune, ved at tal personar (%) utan karieserfaring er samanlikna med snittal på fylkesnivå og for heile landet. Rapporten vil bli sendt ut til alle kommunane v/ rådmenn og folkehelsekoordinatorar.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar orientering om årsrapport 2012 for Den offentlege tannhelsetenesta i Møre og Romsdal til vitande.</p>
7/2013	<p>Sjukefråversutvikling 1. kvartal 2013 Sjukefråveret 1. kvartal er 8 % mot 7,5 % same kvartal i 2012. Det er store distriktstvis variasjonar. Nordmøre THD, Søre Sunnmøre THD og Ålesund THD har eit betydeleg lågare fråver enn Molde THD og NSSR THD. Det vart lagt fram talstatistikk på total fråversprosent, distriktstvis fråversprosent, fordeling av fråveret på fråverslengde, samt utvikling i fråveret 1. kvartal dei siste åra.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar orienteringa om sjukefråversutviklinga 1. kvartal 2013 til vitande.</p>

8/2013

Statusorientering – Regional delplan tannhelse

Endeleg utkast til høyringsdokument var utsendt i forkant av møtet. Prosjektgruppa for Regional delplan tannhelse deltok også under orienteringa.

Grafisk formgivar Synnøve Hungnes presentere den visuelle profilen plandokumentet er tiltenkt.

Gjennom planprosessen har fylkestannlegen vektlagt god forankring og medverknad i planarbeidet hos alle tilsette. Dette har skjedd gjennom prosjektorganiseringa og informasjon og verkstader i sentrale møteplassar som distriktsmøte og etatsmøte, samt løpande informasjon på intranett. SAMU-T har blitt orientert i tidlegare møte 28.3.12, 15.11.12, 15.2.13.

Hovudmålet i planutkastet, slik det no ligg føre, å oppretthalde livslang god tannhelse for befolkninga gjennom fokus på god kvalitet og pasientsikkerheit i behandlinga. Planen beskriv i del 2 sentrale samfunnsendringar og tannhelsefaglege utfordringar som er avgjerande for den framtidige organiseringa av tannhelsetenesta. Hovudinnsatsområdet kvalitet og pasientsikkerheit (del 3 i planen) legg premissane for planen sine satsingsområde knytt til kompetanseutvikling (del 4), berekraftig organisering (del 5) og folkehelse/samhandling (del 6). For kvar av satsingsområda er det utarbeidd resultatmål. Lovpålagte og ikkje-lovpålagte pasientgrupper som skal vere omfatta av gratis tannbehandling i fylket blir no tydeleg definert i planen (side 8). Dette er ei klargjering i forhold til behandlingstilbodet som den offentlege tannhelsetenesta gir i dag. Regional delplan tannhelse skal følgjast opp gjennom det årlege økonomiplanarbeidet.

Fylkesutvalet skal behandle planforslaget i møte 27. mai. Etter fylkesutvalsbehandlinga blir planen lagt til høyring og offentlig ettersyn fram til ultimo august.

Samrøystes vedtak:

SAMU-T tar orienteringa om status i arbeidet med regional delplan tannhelse til vitande.